



# Protokoll frå landsmøte i Noregs Ungdomslag

22.-23. april 2017, Scandic St. Olavs plass, Oslo

Det var påmeldt 77 utsendingar med fulle rettar. I tillegg møtte 7 personar frå styret med fulle rettar samt ein varamedlem med talerett. I tillegg generalsekretær med talerett.

Totalt 84 med røyserett. Søndag møtte 83 med røyserett.

Det var registrert 75 utsendingar i salen då landsmøtet opna.

På møtet var det i tillegg 4 frå administrasjonen og 3 gjestar.

## Helsingar til landsmøtet:

Studieforbundet kultur og tradisjon v/Liv Skogstad

LNU v/Rode M. Hegstad

Noregs Mållag v/Jens Kihl

## Opning

Styreleiar Mette Vårdal opna landsmøtet. Ho las opp minneord etter Britt Heggeli.

## **Sak 1      Konstituering**

### **Sak 1.1      Godkjenning av innkalling**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:**      Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 1.2      Godkjenning av sakliste**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:**      Styret sitt forslag til sakliste vart godkjent.

### **Sak 1.3      Godkjenning av fullmakter**

Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Leiar Mette Vårdal

**Vedtak:**      Alle fullmakter for utsendingar vart godkjent.

### **Sak 1.4      Godkjenning av tidsplan og forretningsorden**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Tidsplan og forretningsorden for møtet vart godkjent.

### **Sak 1.5 Val av ordstyrar**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Rita Sirirud Vatnehol og Hans Hovland Løvlien vart vald som ordstyrarar.

### **Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnder**

Ordstyrarane presenterte styret si innstilling.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** *Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd for prinsippprogramet:*

Gunn Inger Sture, Bergen UL Ervingen

Terje Svindseth, BUL Oslo

Håvard Ims, styret

**Vedtak:** *Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd for fråsegnene:*

Signhild Stave Samuelsen, Vest-Agder UL

Evelyn Laupstad, BUL Harstad

Marit Nerås Krogsæter, styret

### **Sak 1.7 Val av teljekorps**

Ordstyrarane presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Kontoret i Noregs Ungdomslag vart valde til teljekorps.

### **Sak 1.8 Val av protokollunderskrivarar**

Ordstyrarane presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** *Følgjande personar blir valt til protokollunderskrivarar:*

Marie Nicolaisen, BUL Oslo

Ida Marie Holmin, Håøyglaget

## Sak 2      Årsmelding 2016

Nestleiarar Håvard Ims og Marit Nerås Krogsæter innleidde om året som har gått.

*Desse tok ordet i saka:*

41 Anne Marie Nerby, Bondeungdomslaget i Stavanger

69 Terje Svindseth, Bondeungdomslaget i Oslo

86 generalsekretær Eli Ulvestad

**Vedtak:**            Årsmeldinga for 2016 vart godkjent.

## Sak 3      Rekneskap 2016

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram rekneskapen.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:**            Rekneskapen for 2016, som viser eit overskot på kr. 762.071 vart godkjent.

Kr 500.000 av overskotet vert satt på eit aktivitetsfond, som kan nyttast til konkrete prosjekt og satsingar som styrker organisasjonen sitt føremål. Resten av overskotet vert lagt til fri eigenkapital.

Styret vert gitt handlingsrom til å drive med underskot i 2017, dersom dei finn det føremålstenleg å styrke drifta på utvalde område.

## Sak 4      Kontingent 2018-2019

Styremedlem Tone Mjelde la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:**            Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag vart vidareført for perioden 2018-2019.

## Sak 5      Revisjon av prinsippprogrammet

Leiar Mette Vårdal la fram saka.

*Desse tok ordet i saka laurdag:*

69 Terje Svindseth, Bondeungdomslaget i Oslo

77 Torunn Myhra, Tunsberg leikarring

29 Gunn Inger Sture, Bergen Ungdomslag Ervingen

78 Mette Vårdal, styret

### **Handsaming:**

Gunn Inger Staure la fram redaksjonsnemnda si innstilling på søndag.  
Eit forslag vart sendt inn til redaksjonsnemnda utan å vere presentert på talarstolen laurdag.  
Landsmøtet vedtok med knapt fleirtal (45 mot 43 stemmer) å ikkje handsame dette forslaget.

1. Tilleggsframlegg frå Torunn Myhra

Noregs Ungdomslag er tufta på eit frilyndt grunnsyn. Å vere frilyndt er å vere tolerant, og å sjå mennesket for kva det er og kva det kan vekse seg til å bli.

*Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tiltrådd vedteke*

2. Framlegg frå Terje Svindseth

Noregs Ungdomslag har ein inkluderande samværskultur med trygge og rusfrie møteplassar, ~~Medlemmene~~ der alle blir møtt med respekt uansett alder, bakgrunn, politisk ståstad og livspraktisering.

*Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tiltrådd vedteke*

3. Framlegg frå Terje Svindseth

Formuleringsendring til (...) I (...) vi(...) i dei tre siste punkta.

*Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tiltrådd vedteke*

*Desse tok ordet i saka under handsaminga søndag:*

81 Torbjørn Bergwitz Lauen, styret

78 Mette Vårdal, styret

**Vedtak:** Landsmøtet vedtek redaksjonsnemnda sitt forslag til justert prinsippprogram.  
Samrøystes vedteke.

## **Sak 6 Fagpolitisk plattform**

Leiar Mette Vårdal la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

70 Ida Marie Holmin, Håøyglaget

68 Marie Nicolaisen, Bondeungdomslaget i Oslo

05 Sidsel Viola Lilleng, BUL Tromsø

56 Eirik Michelsen, Norsksdomslaget i Porsgrunn

44 Signhild Stave Samuelsen, Vest-Agder Ungdomslag

10 Berit Anne Knudsen, Bondeungdomslaget i Bodø

37 Lise Karin Meling, Rogaland ungdomslag

78 Mette Vårdal, styret

**Vedtak:** Ingen. Styret tok med innspela til det vidare arbeidet med fagpolitisk plattform.

## Sak 7 Framtidig sentral tilskipping i NU?

Innleiing ved styremedlem Kevin André Theigmann.

*Desse tok ordet i saka:*

41 Anne Marie Nerby, Bondeungdomslaget i Stavanger

09 Ivar Mikalsen, Bodø Folkedanslag

80 Håvard Ims, styret

07 Evelyn Laupstad, BUL Harstad

78 Mette Vårdal, styret

**Vedtak:** Landsmøtet vedtek at det ikkje vert arbeidd målretta med å etablere ei ny sentralt tilskipping i NU. Landsmøtet ønskjer heller at det vert arbeidd med å vidareutvikle dei arenaene som eksisterer i organisasjonen i dag, slik at desse kan skape grobotn for ei ny sentral tilskipping som speglar aktiviteten i lokallaga.

Vedteke mot 3 røyster.

## Sak 8 Endringar i lova

### Sak 8.1 Endring i §5 Styret

Styremedlem Torbjørn Bergwitz Lauen la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

29 Gunn Inger Sture, Bergen Ungdomslag Ervingen

**Vedtak:** Forslaget vart avvist. Intensjonen i forslaget vert heller innarbeidd i styreføresegnene.

## Sak 9 Endringar i styringsføresegnene

### Sak 9.1 Endring i §2 Administrasjonen

Styremedlem Torbjørn Bergwitz Lauen la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

78 Mette Vårdal, styret

81 Torbjørn Bergwitz Lauen, styret

**Vedtak:** §2, 1. avsnitt i styreføresegnene vert endra til:

*Administrasjonen i Noregs Ungdomslag blir leia av ein generalsekretær, som blir tilsett på åremål for 4 år om gongen. Styret kan ikkje tilsetje nokon generalsekretær i meir enn 3 fireårsbolkar.*

## Sak 9.2 Endring i §3 Valnemnda

Styremedlem Torbjørn Bergwitz Lauen la fram saka.

*Desse tok ordet i saka:*

56 Eirik Michelsen, Norskdomslaget i Porsgrunn

81 Torbjørn Bergwitz Lauen, styret

**Vedtak:** §3 2. avsnitt i styreføresegnene vert endra til:

*Valnemnda har ansvar for å legge fram ei tilråding med tilnærma lik kjønnsbalanse.*

*Tilrådinga bør innehalde forslag til faste styrerepresentantar frå aldersgruppa 14-25 år.*

## Sak 10 Fråsegner

Landsmøtet tok stilling til tilsaman 2 fråsegner frå 1 forslagsstillar:

1. Kommunane må skape rom for kulturlivet.  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Morten Nilsen
2. Stortingsvalet og den kulturelle grunnmuren.  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Marit Nerås Krogsæter

*Desse tok ordet i saka:*

07 Evelyn Laupstad, BUL Harstad

79 Marit Krogsæter, styret

78 Mette Vårdal, styret

80 Håvard Ims, styret

### **Handsaming:**

Marit Nerås Krogsæter la fram redaksjonsnemnda si innstilling på søndag:

*Innstilling fråsegn 1:* Landsmøtet stør intensjonen bak fråsegna, og sender denne over til styret.

**Vedtak fråsegn 1:** Samrøystes vedteke.

*Innstilling fråsegn 2:* Landsmøtet stør intensjonen bak fråsegna, med følgjande tre endringar, og sender denne over til styret:

- Overskrifta blir endra til "Styrk den kulturelle grunnmuren!"
- (...) ei spenning og (...) blir stroken i første avsnitt.
- "Denne kulturelle grunnmuren trakk kulturutgreiinga 2014 fram har tapt i kampen om pengar lokalt." blir endra til "Desse kulturarenaene er ein del av den kulturelle grunnmuren som Enger-utvalet har trekt fram som taparen i kampen om statlege middel."

**Vedtak fråsegn 2:** Samrøystes vedteke.

## Sak 11 Val

Fredric Nygård presenterte valnemnda si innstilling.

### Sak 11.1 Val av leiar

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Mette Vårdal (Oppland Ungdomslag) vart attvald som leiar for eitt år.

### Sak 11.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Organisatorisk nestleiar og AU-medlem:  
Terje Svindseth (1969), Bygdelagssamskipnaden, ny 2 år

Politisk nestleiar og AU-medlem:  
Marit N. Krogsæter (1992), Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag, ikkje på val

Styremedlemmar:  
Tone Mjelde (1990), Hordaland Ungdomslag, attval 2 år  
Morten Nilsen (1961), Nordland Ungdomsfylking, attval 2 år

Styremedlem: Torbjørn B. Lauen (1990), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val  
Styremedlem: Kevin Theigmann (1994), Nordland Ungdomsfylking, ikkje på val

Varamedlemmer:  
1. vara: Endre S. Myhre (1993), Oppland Ungdomslag, attval 1 år  
2. vara: Stian Johannesen (1977), Inn-Trøndelag Ungdomssamlag, ny 1 år  
3. vara: Marie Nicolaisen (1985), Bygdelagssamskipnaden, attval 1 år

### Sak 11.3 Val av revisor

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Revisorgruppen FMØ DA blir valt som revisor for rekneskapsåret 2017.

### Sak 11.4 Val av valnemnd

*Desse tok ordet i saka:*

Ingen

**Vedtak:** Leiar: Cecilie Rørstad (1979), Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, ny 1 år

Medlem: Borghild Opdahl (1987), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val  
Medlem: Fredric Nygård (1988), Eidsiva fylkeslag, ikkje på val

Medlem: Håvard Ims (1982), Hordaland Ungdomslag, ny 2 år  
Medlem: Oddgeir Løvold (1994), Nordmøre og Romsdal Ungdomslag, ny 2 år

1. vara: Geir Såtvedt (1997), Telemark Ungdomslag, ny 1 år
2. vara: Rita Sirirud Vatnehol (1983), Oppland Ungdomslag, attval 1 år
3. vara: Jostein Apeland (1958), Rogaland Ungdomslag, attval 1 år

Protokollunderskrivarar

Oslo, \_\_\_\_\_2017

Oslo, \_\_\_\_\_2017

Ida Marie Holmin, Håøyglaget

Marie Nicolaisen, BUL Oslo